



Dykkar ref.

Vår ref.

22/2512-30

Dato:

27.10.2022

Delegert – Plan/geodata/oppmåling

Delegert saksnr: 004/22

Delegert vedtak - Nye adressenamn 4007-4014**Kort om saka:**

Retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune vart vedteke 17.06.2021 (KS-sak 091/21). Gjennom retningslina vart det oppretta eit administrativt namneutval, og eining plan, geodata og oppmåling vert delegert namnemynde for kommunen. Namneobjekt av stor offentleg betydning vart ikkje delegert.

Denne gongen er det gjort vedtak om tildeling av åtte nye adressenamn i Øygarden kommune.

Namneutvalet i kommunen har i saksførebuinga gått gjennom diverse materiale og kart for dei aktuelle områda. På bakgrunn av materiell som namneutvalet har funne har dei føreslege namn, men samstundes oppmoda til andre forslag frå publikum. Høyringa vart sendt til alle grunneigarar for områda, men også lag/organisasjonar, mållag, kulturlag og liknande der dette fanst. Høyring vart dessutan lagt på Øygarden kommune sine heimesider 09.03.2022 med høyringsfrist 09.05.2022.

Innkome forslag saman med Namneutvalet sine forslag, vart sendt til Språkrådet for tilråding 18.05.2022. Vegparsell med akode 4007 vart sendt for ny tilråding 13.09.2022.

Namna som no vert lagt fram er sjekka opp mot eksisterande namn i Øygarden kommune, og om dei kan forvekslast i uttale eller skrivemåte.

Vedtaket om nye vegnamn skal kunngjerast i Vestnytt, samt på heimesida til Øygarden kommune.

Vedtak:

Einingsleiar ved plan, geodata og oppmåling vedtek i medhald av Matrikkellova § 21 og Stadnamnlova § 7 følgjande vegar med adressenamna:

Akode 4007: Tveitagarden

Akode 4008: Angeltveittunet

Akode 4009: Katthøljen

Akode 4010: Jervhelledalsvegen

Akode 4011: Indre Svanevågen

BesøksadresseØygarden rådhus
Foldnesvegen 1

5354 STRAUME

PostadresseTernholmvegen 2
5337 RONG**Konto.nr.**

1506.24.29981

Org.nr.

922 53 0890

Telefon

56 16 00 00

E postpostmottak@oygarden.kommune.no

Akode 4012: Kleppedalsvegen

Akode 4013: Brennene


Akode 4014: Goltastraumen

Saksopplysningar:

Akode 4007: Tveitagarden ([kart](#))

Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 124620130006 i området ved Tveita.

Reguleringsplanen genererer ein ny vegparsell som har utspring frå Nordre Nesvegen.



Utsnitt viser vegparsellen sin trase



Utsnitt frå Hordanamn

Innkome forslag: Varavegen

Adm. forslag: Tveitagarden
Tilråding frå Språkrådet: Tveitagarden


Namneutvalet i kommunen la først fram forslaget *Smådalane*, og Språkrådet skreiv i si tilråding: *Me finn grunn til å festa lit til det som står i den lokale namnesamlinga som ligg til grunn for det som er lagt ut på nettsida Hordanamn, om at Smådalane er nytta som namn på det området der parsellen 4007 vil bli liggjande.*

Ettersom namneutvalet kjende på at Smådalane var eit ukjent namn for området blant lokale kjende, og at naturformasjonane i og for seg ikkje utgjer nokre småe dalar, vart det sett fram nytt forslag mynta på steingarden mellom gardane Ulveset og Tveita. I Hordanamn finn ein *Tveitagarden*. I nytt tilrådingsbrev frå Språkrådet, kommenterer dei namnet slik: *Det verkar tilrådeleg å la Tveitagarden bli nytta som adressenamn i eit område som ligg attmed den aktuelle steingarden. Skrivemåten **Tveitagarden** er fullt ut i tråd med dei gjeldande reglane som styrer offentleg bruk av stadnamn. (Sjølv om det er slik på nettsida Hordanamn at namnet Tveitagarden der er plassert heilt i enden av grensa mellom Tveita og Ulveset, må ein rekna med namnet er nytta om heile den steingarden som enno finst på grensa mellom dei to gardane.)*


Vedrørande innkomne forslag, Vardavegen (Vardevegen), så kommenterer Språkrådet slik: *Det innkomne forslaget om å la vegnamnet ta utgangspunkt i namnet Varden /'va:r,n/ kan me ikkje støtta sidan det attmed kommunesenteret på Straume er ein eksisterande veg med namnet Vardevegen.*

Akode 4008 og 4009 ved Angeltveit ([kart](#))

Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 124620150012 i området ved Angeltveit. Reguleringsplanen genererer to nye vegparsellar som begge har utspring frå Angeltveitvegen.



Utsnitt viser vegparsellane sine trasear.



Utsnitt frå Hordanamn

Kommunen har oppretta to vegar med Akode 4008 og 4009:

Akode 4008: Angelteittunet

Innkomne forslag: Angelteittunet

Adm. forslag: Angelteittunet

Tilråding frå Språkrådet: Angelteittunet

Akode 4009: Katthøjljen

Innkomne forslag: Katthøjljen

Adm. forslag: Angelteitgjerdet/Katthøjljen

Tilråding frå Språkrådet: Angelteitgjerdet, men ingen merknader til namnet Katthøjljen

Språkrådet skriv i si tilråding: *Så langt me kan sjå, er det tilrådeleg å nytta Angelteittunet som namn på adresseparsellen 4008.*

Det verkar tilrådeleg å la vegparsellen 4009 få namnet Angelteitgjerdet. Me syner til den grunngevinga som kommunen sjølv har komme med i det aktuelle høyringsdokumentet. Namneforma Angelteitgjerdet har den fordelen at ho får fram at vegparsellen ligg på garden Angelteit (gnr. 23 i Øygarden kommune). Jamfør her med framlegget om å nytta Angelteittunet som namn på ein annan parsell i same området. (Me har ingen merknader til namneforma Katthøjljen som er nemnt eit alternativ til namn på parsellen 4009. Namnet Katthøjljen finst på nettsida Hordanamn. Det er ikkje komme med i SSR.)


Einar Angelteit skriv i sitt høyringsssvar: *Eg stør forslaget om Katthøjljen. Dette namnet har blitt brukt av lokalbefolkninga i generasjonar, der denne vegen endar. Dessutan er namnet unikt. Namneutvalet i kommunen meiner at kunnskapen til dei lokale kjende skal vega tungt i stadnamnesaker, og stør seg til innspelet som er kome inn, og føresler Katthøjljen som namn på vegparsell.*

Akode 4010: Jervhelledalsvegen ([kart](#))

Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 125920170003 i området ved Torsvik Store. Reguleringsplanen genererer ein ny vegparsell som har utspring frå Torsvikvegen.



Utsnitt viser vegparsellen sin trase



Utsnitt frå Hordanamn

Innkomne forslag: Ingen

Adm. forslag: Jervhelledalen

Tilråding frå Språkrådet: Jervhelledalsvegen

Språkrådet skriv i si tilråding: *Parsellen 4010 bør få namnet Jervhelledalsvegen i staden for Jervhelledalen. Vegen ligg ikkje i Jervhelledalen, men endar i kanten på dalen. (I SSR er Jervhella registrert som ei vedteken primærnamnform. Det avleide dalnamnet er ikkje ført opp i registeret.)* Namneutvalet har ikkje noko motføresegn mot at -vegen vert lagt til, og stør Språkrådet si tilråding.

Åkode 4011: Indre Svanevågen ([kart](#))

Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 125920160007 i området ved Breivik. Reguleringsplanen genererer ein ny vegparsell som har utspring frå Breivikvegen.

Innkomene forslag: Svanevågen på ny vegparsell, endre til Indre Svanevågen på eksisterande parsell
Adm. forslag: Svanneset

Tilråding frå Språkrådet: Svanevågen på ny vegparsell, endre til Indre Svanevågen på eksisterande parsell.




Utsnitt frå Hordanamn



Dagens situasjon

Ved høyring kom det to innspel der det var ønske om å kalla den nye vegparsellen for Svanevågen, eit vegnamn som allereie eksisterar i nærleiken. Vidare ønskte dei at vegen som ber dette namnet i dag, får endra namn til Indre Svanevågen. Kommunen har i utgangspunktet ikkje ønske om å endra namn på eksisterande vegparsellar, men har sjekka kor mange adresser det er knytt til vegen, og det viser seg å vere berre ei hytte. Etter kontakt med hytteeigaren, som ikkje sa seg ueinig i forslaget som

er kome inn, kan ein i denne saka imøtekomme innspela. Generelt, når det er nye saker og det går ut over eksisterande og innarbeidde vegnamn og adresseeigarar, ønskjer ikkje kommunen å endra det. I dette tilfellet var det ikkje mange adressatar, og alternativet som kom opp, var ein god erstatning for vegnamn.




Eksisterande vegparsell Svanevågen med akode 3141 vert flytt vestover til reguleringsplanens nye vegtrase (raud trase). Det vert oppretta ein ny akode 4011 med nytt namn: Indre Svanevågen til vegen som først bar namnet Svanevågen (blå trase).

Språkrådet er samd i innspela som kom inn og kommenterer slik: *I to innkomne merkadsbrev er det føreslege å la parsellen 4011 få namnet Svanevågen og å la den korte parsellen som tidlegare er gjeven namnet Svanevågen, få namnet Indre Svanevågen. Den sistnemnde parsellen ligg inst i den vågen som det er tale om her. Me stør det som er føreslege i dei to merkadsbrev. Skrivemåtane **Svanevågen** og **Indre Svanevågen** er fullt ut tilrådelege. I SSR er namnet på sjølve vågen registrert med skrivemåten Svanevågen som ei vedteken form. (Den nye vegparsellen kan ikkje seiast å liggja ute på det neset som ber namnet Svanneset.).*


Namneutvalet legg difor fram Indre Svanevågen (med akode 4011) som forslag på nytt vegnamn på eksisterande parsell (blå trase), samt at eksisterande namn Svanevågen (med Akode 3141) vert nytta på vegen i reguleringsplanen (raud trase).

Akode 4012: Kleppedalsvegen ([kart](#))

Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 125920150001 i området ved Toft/Torsvik Lille. Reguleringsplanen genererer ein ny vegparsell som har utspring frå Torsvikvegen.



Utsnitt viser vegparsellen sin trase



Utsnitt frå Hordanamn

Innkome forslag: Ingen

Adm. forslag: Kleppedalsvegen


Tilråding frå Språkrådet: Kleppedalsvegen

Språkrådet skriv i si tilråding: [...] endar i den dalen som ber namnet Kleppedalen. På nettsida Hordanamn er dalnamnet registrert med uttaleforma «Kleppedal'n». (Når det gjeld bruken av Kleppesom utmerkingsform, syner me til punkt 6 i Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn. Der står det blant anna at ein "bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med

dialektuttalen". Same regelen gir grunnlag for å la vegnamnet bli skrive med genitivs-s. Dalnamnet ligg til grunn for førelekken i dei nedarva namneformene Kleppedalshammaren, Kleppedalsmyra og Kleppedalselva.) (Korkje dalnamnet eller nokon av dei avleidde namna er registrerte i Sentralt stadnamnregister, SSR.)

Akode 4013: **Brennene** ([kart](#))

Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 125920170001 i området ved Blomvåg. Reguleringsplanen genererer ein ny vegparsell som har utspring frå Blomvågegen.



Utsnitt viser vegparsellen sin trase



Utsnitt frå Hordanamn

Innkomne forslag: Bubakkane, Brænnavegen


Adm. forslag: Brennene

Tilråding frå Språkrådet: Brennene


Språkrådet har desse kommentarane til namnet: *Me rår kommunen til halda fast på framlegget om la det nedarva stadnamnet Brennene (/’brəd(n),n,a/) bli nytta som namn på parsellen 4013. (Den nemnde uttaleforma er registrert på nettsida Hordanamn.) Namnet tykkjest vera godt dekkjande for det aktuelle parsellområdet. Skrivemåten Brennene er i heilt i pakt med det gjeldande regelverket. (Jf. med den regelen i § 4 i stadnamnlova som seier at skrivemåten skal følgja dei gjeldande rettskrivingsprinsippa.) (Namnet Brennene er ikkje registrert i SSR.) (Om det alternative namnet Bubakkane må det seiast at det ikkje ser ut til vera nytta på staden frå før, og det må nok av den grunn reknast som mindre tilrådeleg å nytta som adressenamn i området. Me har ingen merknader til skrivemåten Bubakkane.)*

Akode 4014: **Goltastraumen** ([kart](#))

Det er utarbeidd og godkjent ein reguleringsplan med planID 124520070008 i området ved Nedre Golta. Reguleringsplanen genererer ein ny vegparsell som har utspring frå Goltavegen.



Utsnitt viser vegparsellen sin trase



Utsnitt frå Hordanamn

Innkomene forslag: Storsåtedalen, Goltastraumen

Adm. forslag: Mjelkevika

Tilråding frå Språkrådet: Goltastraumen

Språkrådet har i si tilrøding til kommunen desse kommentarane: *Namnet Mjelkevika kan ikkje seiast å vera dekkjande for det området som er vegparsellen 4014 ligg i. Den lengste av dei to greinene som parsellen er delt i, endar nær sagt i botnen på ei vik som heiter Naustvika, men heller ikkje dette namnet bør nyttast som namn på heile parsellen. (Både Naustvikvegen og Mjølkevikvegen er nytta som vegnamn andre stader i Øygarden kommune.) I to innkomne merknadsbrev er det føreslege å gi parsellen namnet Goltastraumen. Dette meiner me er eit godt forslag. Parsellen ligg på det næraste landpartiet på vestsida av straumen. I SSR er namnet på sjølve straumen (sundet) registrert med skrivemåten Goltastraumen som godkjend form og som eineform.*

Namneutvalet i kommunen meiner at kunnskapen til dei lokale kjende skal vega tungt i stadnamnesaker, og stør seg til dette innspelet, og føresler Goltastraumen som namn på vegparsell.

Folkehelseperspektiv:

Det er klare fordelar med offentleg vegadresse i kommunen.

Kartverket skriv mellom anna dette på sine nettsider:

«En presis adresse er mange stader en forutsetning for at ambulanse og andre utrykningskjøretøyer skal finne raskt fram. Verdifulle minutter og i verste fall liv kan gå tapt på grunn av uklare kjørebekrivelse.

Med stadig mer sentraliserte alarmsentraler kan man ikke lenger forvente lokalkunnskap hos den som tar imot nødtelefonen. Misforståelser kan oppstå når adressen som oppgis er mangelfull, ikke minst i områder der man fortsatt bare opererer med gårds- og bruksnummer, eller der det mangler adressenavnskilt (vegnavnskilt) og adressenummerskilt (husnummer).»

Økonomiske konsekvensar:

Eining eigedom, drift og vedlikehald har ansvar for å setje opp adressenamnskilt og tilvisingsskilt der dette er naudsynt. Dette går frå driftsbudsjettet til Eining eigedom, drift og vedlikehald.

Vurdering:

Tveitagarden – Namnet er ikkje i tråd med innkomne innspel, men i tråd med administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Tveitagarden vert vegnamn med adressekode 4007.

Angeltveittunet – Namnet er i tråd med innspel frå publikum, samt administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Angeltveittunet vert vegnamn med adressekode 4008.

Katthøljen – Namnet er i tråd med eitt av innspela frå publikum, samt administrasjonen. Språkrådet tilrår i utgangspunktet Angeltveitgjerdet som namn på parsellen, men har ingen merknader til skrivemåten Katthøljen. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Katthøljen vert vegnamn med adressekode 4009.

Jervhelledalsvegen – Ingen innspel frå publikum. Tilrådinga frå Språkrådet er å legge til -vegen i namnet. Administrasjonen seier seg ikkje ueinig i dette. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Jervhelledalsvegen vert vegnamn med adressekode 4010.

Indre Svanevågen – Namnet er kome til som innspel frå publikum. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Hytteeigar i Svanevågen 15 er også samd. Administrasjonen seier seg ikkje ueinig i dette. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Indre Svanevågen vert vegnamn med adressekode 4011.

Kleppedalsvegen – Ingen innspel frå publikum. Namnet er i tråd med forslaget frå administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Kleppedalsvegen vert vegnamn med adressekode 4012.

Brennene – Det er kome innspel frå publikum, der eitt av innspela var Brennavegen. Brennene er føreslått frå administrasjonen. Det er også i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Brennene vert vegnamn med adressekode 4013.

Goltastraumen – Namnet er kome til som innspel frå publikum. Det er i tråd med tilrådinga frå Språkrådet. Administrasjonen seier seg ikkje ueinig i dette. Einingsleiar for plan, geodata og oppmåling vurderer difor at det er grunnlag for å godkjenne at Goltastraumen vert vegnamn med adressekode 4014.

Klagerett:

Det er klagerett på vedteke skrivemåte av adressenamn.

Vedtak kan påklagast av dei som etter Stadnamnlova § 6 (bokstav a-c), har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn Jf. Stadnamnlova § 12 – Klage:

- a. eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd*
- b. eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom*
- c. ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn*

Klagefrist er 3 veker frå kunngjering. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen, jf. forvaltningslova §§ 29 og 30. Klaga skal grunngivast og sendast skriftleg til kommunen, jf. forvaltningslova §32.

Kommunen handsamar klagen i tråd med gjeldande lovverk. Dersom klagen ikkje vert teke til følge, vert saka sendt til Klagenemnda for stadnamnsaker. Klagenemnda sitt vedtak er endeleg.

Med helsing

Hanna Gjesdal
Einingsleiar

Agnethe Veivåg
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Kopi til

Angel Bolig AS	c/o Einar Angeltveit Angeltveitmyrane 14	5363	Ågotnes
Astrid Olsen Fjell Kulturminnelag	c/o Ove Midttun Midskarhaugen 1	5360	Kolltveit
Sahra Torsvik	v/ Sahra Torsvik	5337	RONG
Sotra Mållag	c/o Yngve Endal Grøndalen 9B	5357	Fjell
Sund Sogelag	c/o Gerhard Inge Storebø Dalen 14	5379	Steinsland
Toftøy Nærmiljøutval	c/o Sahra Torsvik Torsvikvegen 109	5337	Rong
Vestre Angeltveit Velforening	c/o Thomas Rothe Vestre Angeltveit 50	5363	Ågotnes
Webu AS	v/ Orkdal Regnskapskontor SA Megardsvegen 1	7320	Fannrem
Øygarden Sogelag	c/o Jacob Henrik Hellesund Hellesundvegen 4B	5334	HELLESØY

Vedlegg

Adressenamn til uttale hos Språkrådet

Tilråding adressenamn

Adressenamn til uttale hos Språkrådet

Tilråding - adressenamn på Tveita

E-postkorrespondanse Kartverket - Endre vedtekne adressenamn

Ønskjer uttale på vegnamn i område Svanevågen og Breivikvegen

Uttale - vegnamn på høyring